


**02**  
2024  
85. ÅRG.



# Prekestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,  
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN

**7** DIAKONI I KVARDAGEN   **9** EN DRØM FRA GUD?   **10** TRADISJONSRIK BYGDAFEST PÅ FISTER   **14** HELSE OG DET GODE LIV



# SOMMER-TID

## INNHOLD

Frå redaksjonen	<b>2</b>
Andakt	<b>3</b>
Intervju: Gro Wersland Nag	<b>4</b>
Diakoni i kvardagen	<b>7</b>
En drøm fra Gud?	<b>9</b>
Tradisjonsrik bygdafest på fister	<b>10</b>
Salme	<b>13</b>
Jubileum Strand kyrkje 150 år	<b>13</b>
Helse og det gode livet	<b>14</b>
Oppslagstavla	<b>16</b>
Nytt tilbud: Kick	<b>18</b>
Slekters gang	<b>19</b>
Info om kyrkjekontor	<b>22</b>
Gudstenester	<b>23</b>

*"Hvis du elsker livet,  
Så kast ikke bort tiden!  
For tid er det stoff  
som livet er laget av."*

Jeg tenker på hvor mange det er, både blant oss - og over hele verden, som virkelig ikke kaster bort tiden når de står på med sine gode gjerninger. De gjør sitt beste for andre, både for deres ånd, sjel og legeme. De får til og med noen til å elske livet! For en rikdom disse menneskene representerer!

Tid er fordelt på absolutt alle. Hva vi gjør med den mens vi har den er opp til hver enkelt. Nå skal det i sannhet sies at vi kan ha veldig forskjellige rammer og kår. Det kan begrense oss. Men tid er uansett det stoffet som livet er laget av; godt, dårlig eller noe midt i mellom.

Jeg ønsker å være meg dette mer bevisst. Jeg ønsker også at vi mennesker generelt, fra Jørgen Hattemaker til kong Salomo, kunne være oss dette bevisst. For da ville vi kanskje hatt litt færre undertrykte og litt mindre frykt. Litt mer glede og litt mer optimisme. Litt mer takknemlighet. Litt mindre elendighet. Og kanskje litt mer fokus på andres ve og vel enn bare på oss selv.

God, optimistisk forsommer!



*Marit Rødland*

**Adresse:**

Postboks 188  
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 1. oktober.  
Frist for innlevering av stoff er  
før redaksjonsmøtet 11. juni.

**Redaksjon:**

Anne Brit Hatleskog  
John N. Nessa  
Liv Åse Gaard  
Marit Rødland  
Mette Ingvoldstad  
Sigbjørn Turøy  
Siv Fossan  
Yvonne Langeland Meltveit

**Kyrkja sin kontaktperson:**

Liv Åse Gaard  
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i  
postkassen, kan de ta kontakt  
med eitt av kyrkjekontora.  
Sjå tlf. nr. s. 22.

Abonnementspris: Kr 300 pr år eller  
kr 80 pr. blad.

Bankgiro **3205.30.06158** eller  
**voops**-nummer **105004**

**Design og trykk:**

Ålgård Offset  
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**

Yvonne Langeland Meltveit





# HÅP I HÅPLØYSE

TEKST: MARTIN IVAR ARNESEN, SOKNEPREST STRAND

Vi kjenner historia om Noah og Arken. Det regna i 40 dagar og 40 netter. Fossa ned. Gud lot det regne og det skjedde for å gjere ende på den vondskapen som hadde breddt om seg på jorda. Berre Noah og folket hans, saman med dei dyra dei hadde med seg i Arken, vart berga.

Det var ei dramatisk katastrofe og det er ikkje lett for oss å forstå det som skjedde. Men det var nødvendig for at Guds skulle kunne berge menneskeheta og verda den gong. Samstundes kan vi spørja om Han ikkje kunne gjort det på ein mindre dramatisk måte.

Verda er ofte råka av jordskjelv, flaum, tørke og andre naturkatastrofar. Enkeltmenneske og lokalsamfunn er påført ufattelege lidingar. Og vi kan kjenne oss alle hjelpelause.

Verda er full av lidingar som vi menneske påfører kvarandre gjennom krig, terror, undertrykking, fattigdom og overgrep. Det som skjer i Gaza og i Ukraina gjer inntrykk på oss. Det er så alt for mange som er råka av smerte og lidingar. Og vi kan kjenne oss hjelpelause. Kvifor er det slik og kva kan vi gjera? Det er meiningslaust og vi kjenner oss motlause.

Samstundes veit vi at sorg og sakn hører livet til når vi mister ein av våre kjære.

Andre menneske sine lidingar og smerte utfordrar oss. Både til å trøysta sørgjande, ta imot flyktningar, lindra naud, og å hindra overgrep, terror, undertrykking og fattigdom. Lidinga i verda gjev oss ein moglegheit til å visa kjærleik i praksis. Og det er meinung i å visa kjærleik og å gjera noko for andre.

Gud inngjekk ei pakt med Noah og hans folk. Dei skulle veksa og aukast og fylle jorda. Og han sa at han aldri igjen skulle la det komme ein flaum som skulle legga jorda øyde. Og han gav dei eit teikn – regnbuen. Regnbuen skulle vera teiknet på pakta mellom Gud og alt livet på jorda. Den buen som skin i flotte farger og som syner seg når solstrålane bryt gjennom vassdråpene. «Aldri meir», sa Gud. Storflommen på Noah si tid var annleis enn katastrofane som i dag råkar menneske. I møte med den urett og smerte vi finn i verda i dag nytter det så lite når vi seier «aldri meir». For vi erfarer at historia gjentar seg.

Vi treng å peika på paktsteiknet Gud gav den gongen, på regnbuen. Vi treng håp i håpløyse. Etter natt kjem dag. Etter vinter kjem vår. Etter regn kjem sol. Sjølv bak dei mørkaste skyene skin sola. Vi treng å peika på Gud som skapte verda og som elskar kvart menneske så mykje at han sende Jesus for å frelsa og berge.

Skyene vart mørke den gong Jesus hang på korset og. Folk vart redde og gjøymde seg. Men Jesus sigra. Menneske tok han ned frå korset og la han i grava. Men det var Gud som reiste han opp av grava.

Det var og naudsint for at Gud skulle kunne frelsa menneska. Gud tok sjølv straffa, ein gong for alle. Frelsesverket vart fullført. Det er framtid og håp.

Lat oss aldri missa håpet!

Lat oss aldri gløyma det å arbeida og kjempa for fred mellom menneske og å peika på den fred og det håp berre Jesus kan gje!



# DET ENKLE HVERDAGSLIVET

TEKST OG FOTO: YVONNE LANGELAND MELTVEIT

*Noen tanker fra en nylig pensjonert menighetsforvalter i Jørpeland menighet.*

*På det som må ha vært Mai måneds fineste dag, møtte jeg  
Gro Wersland Nag hjemme på Solbakk for et lite intervju.*

## Idyllisk på Solbakk

Omgivelsene var upåklagelige; sola skein øverst på himmelen, og laget skygespill i en frodig hage i full blomst. Grått berg snodde seg nedover fra huset mot den blå sjøen. Den klare blå fargen på himmelen stod i dyp kontrast til den knall grønne plenen. Det kunne vært et maleri, men dette var altså hjemmet til Gro.

## Et stykke delt måltid

Jeg ble møtt med et koselig dekket bord for to. Utsikten over sjøen var magisk. Det er noe spesielt når to mennesker som ikke kjenner hverandre så godt, deler et måltid. Det minnet meg om Jesus og hans måltid sammen med disiplene sine. Hvilket igjen minnet meg på hvorfor jeg egentlig var der. Jeg skulle intervjuet Gro som noe motvillig stilte opp. Hun ønsket å tydeliggjøre for meg at dette skulle handle om hennes arbeid i Jørpeland menighet, og ikke om henne.

## Det begynte med Alphakurs

Det hele startet egentlig med Alphakurs på begynnelsen av 2000 tallet. Gro jobbet i banken,

men etter hvert kjente hun på et ønske, en lyst og en trang til å jobbe i kirken. Dette ønsket meldte seg etter at hun i flere år hadde jobbe som frivillig i forbindelse med Alphakurs sammen med Geir Øy. Det var han som var prest i Jørpeland menighet på den tiden. Alphakurs er et kurs i kristen tro og hva det vil si å tro. Man trenger ikke å være en troende for å delta på Alphakurs, men mange opplever at troen kan bli oppfrisket og styrket gjennom kurset.

## Starten på husgruppene

Etter at Alphakursene var over meldte det etter hvert et behov for å fortsette og møtes i grupper, slik som man hadde gjort på Alphakurset. Ut fra dette ønsket og behovet oppstod husgruppene. Man ville bygge videre på det gode fellesskapet man hadde etablert på Alphakurset.

## Husgruppe

Ei husgruppe er små grupper som møtes hjemme hos folk. Det blir delt et lite måltid, delt en bibeltekst, bønn, og det er

rom for spørsmål, diskusjoner og forbønn. Husgruppene har taushetsplikt og man kan være trygg på hverandre. Det som blir fortalt i husgruppene, blir i husgruppene.

## Det gode fellesskapet

Noen ganger kan det gode fellesskapet i husgruppene føre til at man får et ønske om å engasjere seg i flere ting i kirken. Være en frivillig for eksempel. Det er rundt 10-15 frivillige på hver gudstjeneste. Andre igjen er fornøyd med å bare delta på gudstjenestene.

## En levende kirke

Kirken på Jørpeland er viktig for innbyggerne. Kirken ønsker å være med å bidra til lokalsamfunnet med gode fellesskap for barn, ungdom, voksne og eldre. Kirken skal være en levende kirke. Den skal være med innbyggerne i glede og i sorg.

## Bindedeleddet mellom menigheten og folket

Gro ønsket å være et bindedeledd mellom menigheten, fellesskapet i de små husgruppene og



Gro liker å stelle i drivhuset.



Utsikten fra kjøkkenet er magisk!



En hage i full blomst.

innbyggerne på Jørpeland. Hun forteller at det er viktig at folk føler seg velkommen og får følelsen av at de er ønsket og inkludert i kirken. Derfor er det så viktig å huske på å invitere nye folk inn i kirken. Det være seg nyinnflyttede, innvandrere eller andre som vanligvis ikke går i kirken. Man bygger bro mellom innbyggerne og kirken.

### Mange har litt tro

«Det har vært viktig for meg å være med på å bekrefte tro, fordi mange har litt tro, og det er viktig at folk får bekreftet at den er god nok. Smak og se at Herren er god. Salme 34,9, det er en salme som har fulgt meg både i jobbsammenheng og i livet», forteller Gro.

### Enkel hverdagstro

Gro liker «enkel hverdagstro» hvor man henvender seg til Gud, der man takker, snakker med Gud og der man kan be om hjelp.

### Den nye kirken

Gro er oppvokst på Jørpeland og hun var 10-år da grunnsteinen ble lagt og byggingen av Jørpeland

kirke startet. Gro forteller at kommunen og Stålverket var svært viktige bidragsytere i forbindelse med byggingen, både i forhold til finansiering, men det ble også gjort gode forberedelser til selve kirkebygget. Denne nye kirken skulle være en arbeidskirke. Det skulle være mye aktivitet store deler av døgnet. Speideren, kor i alle aldre, konserter, kulturarrangementer, sorggrupper og diakoni, er bare noen av brukerne av kirken. Kirken skulle leve. Det er positivt for lokalsamfunnet at det er liv i Kirken.

### «Terskelen skal senkes og tunge dører skal åpnes»

Det som har vært kjernen, ønsket og kanskje et slags motto for Gros arbeid er: «Terskelen skal senkes og tunge dører skal åpnes». Med det mener hun at alle mennesker er forskjellige, derfor passer ikke alle folk inn ei og samme form. Men tro og liv henger sammen, og alle mennesker som tror, enten troen er liten eller stor, skal alle få komme inn i Guds hus om de ønsker. Det er det som har vært så viktig for Gro å formidle. Man skal føle seg sett og inkludert.

### Det nye hverdagslivet

Hun har gleddet seg til å gå på jobb, men det er ei tid for alt og nå føltes det riktig for henne å pensjonere seg. Nå må hun venne seg til hjemmetilværelsen, men mener hun har nok å henge fingrene i, både ute og inne på Solbakk. Mest av alt gleder hun seg til hverdagslivet og til å få mer tid til de nærmeste. Hun gleder seg til hage og drivhus, lesing og litt keramikklagning. Dog helt slipp på kirken gir hun ikke. Hun vil fortsette å arbeide med husgruppene på frivillig basis og kan nok også tenke seg andre frivillig oppgaver i kirken etter hvert. Men først skal hun lande og finne ut av dette nye livet som ikke styres av klokken, men av hva man har lyst til å gjøre. En ny hverdag venter henne. Det enkle hverdagslivet, akkurat slik hun liker det best. Enkelt.



Foto: bildarkiv kirken.no

# DIAKONI I KVARDAGEN

TEKST OG FOTO: ANNE-BERIT RINDE BJELLAND

*Kva er diakoni? Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, altså evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.*



Torill Marie  
Seljeskog

Store ord. Diakoniarbeidar Torill Marie Seljeskog likar nok aller best dei små, kvardagslege orda, dei som handlar om møte med enkeltmenneske, gjerne over ein kopp kaffi eller to. Kvardags-diakoni, kallar ho det. - Dette å vere eit medmenneske i kvardagen.

Tidlegare treivst nok Torill godt i meinigsfulle jobbar innan helsevesenet, men hadde likevel ein draum om å kunne få bidra inn i fellesskapet i kyrkja. I 2018 vart dette realitet; Torill byrja i deltidsstilling som diakoniarbeidar i kyrkja i Hjelmeland!

#### ***Kvifor akkurat diakoni?***

- Eg er utdanna hjelpepleiar med vidareutdanning i palliasjon (omsorg ved livets slutt), og har alltid likt godt å arbeide med menneske. Dessutan har eg sjølv stått i både livskriser og sorg, som har gitt meg dyrkjøpte erfaringar, - erfaringar som har vist seg å vere ei god hjelp i møte med menneske i ulike livssituasjonar. Og trua har eg alltid hatt med meg, noko som ikkje har blitt mindre viktig med åra.

#### ***Korleis kan ein arbeidsdag sjå ut for deg?***

- Ofte inneber dagen sjukebesøk eller heimebesøk. Blant anna møter eg menneske som treng sjelesorg eller ønskjer å samtale om tru og tvil. Andre vil gjerne snakke om levd liv, om relasjonar, gamle minner e.l. Nokre er først og fremst einsame og treng eit medmenneske. Eg prøver å møte folk der dei er. Ikke sjeldan oppstår det åndelege samtalar etter kvart. Dei fleste som ønskjer besøk, er eldre, men langt frå alle.

Men så må eg jo ha tid til andre ting og. Heldigvis finst det også mange frivillege blant oss som er flinke til å tenkje på dei som sit åleine og treng besøk.

#### ***Kva for andre ting må du ha tid til?***

- Ja, eg har blant anna ansvar for å organisere andaktane ved omsorgssentra. Dette inneber å skaffe andaktshaldarar, følgje dei opp og å ha kontakt med begge institusjonane. Eg held og andakt sjølv inn i mellom. Elles har vi fleire diakonale tiltak i sving, så som Strikkekafé, Åpen kyrkje og Språkkafé i Årdal og Berre Bibel på Hjelmeland.

Språkkaféen er kyrkja sin måte å bli kjent med flyktningane våre på. Her er det og ein flott gjeng med frivillege som stiller opp og som ved fleire høve opnar heimane sine. No nettopp



Illustrasjonsfoto.

arrangerte vi Språkkafe ute i det fri, i Kyrkjhagen ved Årdal kyrkje. Veret var strålende, vi hadde godt med mat og drikke og tid til både samtalar og aktivitetar. Ein fantastisk ettermiddag!

Elles er eg og fast med på baby-songen i Hjelmeland kyrkje, saman med kantor. Dette er eit viktig diakonalt og musikalsk tiltak, der vi får knytte god kontakt med småbarnsfamiliarar.

#### *Utvekslar du erfaringar med andre diakonar eller diakoni-arbeidarar?*

- Alle som arbeider med diakoni i prostiet, blir innkalt til ei årleg samling i regi av Stavanger bispedømme. Dette er til stor inspirasjon. Vi ser at vi kan vektlegge ulikt dei mange sidene ved diakonien. I Strand har dei til dømes mest fokus på ungdoms-diakoni, medan arbeid blant dei eldre, er meir prioritert hjå oss.

#### *Har du nokon du kan støtte deg til lokalt?*

- Eg får mellom anna uvurdeleg hjelp av soknepresten vår, Sigrunn Hagen Arnesen, som også er utdanna diakon. Dei frivillege i diakoniutvalet er også positive til å bidra. Samtidig er vi ein flott stab, som deler glede og sorger og støttar kvarandre i kvardagen.

#### *Har du nokre ønskje til slutt?*

- Pr no har eg og to små stillingar som kyrkjetenar i Hjelmeland kyrkje og som sekretær på kyrkjekontoret. Men sidan behovet innan diakonisektoren er så stort, har eg eit ønskje om å bli prioritert når det kommer til diakonistillinga på sikt.

Og så har eg eit ønskje for sommaren; At vi alle kan vere med og ta vare på kvarandre, og at ingen må bli heilt utgløymde, sjølv om det er ferietid.

Riktig god sommar til alle!

## DIAKONI I KYRKJELYDANE

Det er tilsett eigne diakoniarbeidarar i Hjelmeland og Strand, men det er også mange som er med å utfører diakonale oppgåver på frivillig basis.

#### **Desse tilboda finn du rundt om i kyrkjelydane våre:**

- Kyrkjekaffi
- Temakveldar
- Open kyrkje
- Bønenesteneste
- Språk-kafé
- Andaktar og samlingar på institusjonar
- Besøk/blomster til åremålsdag
- Sorg-gruppe
- Samtale, sjelesorg og medvandarteneste
- Kveldsmat/middag ved ulike aktivitetar
- Julegaveaksjon
- Godhetsdag

# EN DRØM FRA GUD?



Illustrasjonsfoto.

TEKST: OLAV J RETTEDAL

En natt hadde jeg en drøm så var så spesiell at jeg ikke tror min egen fantasi kan stå bak. Kan det være Gud som synes jeg trengte den?

«Jeg har en god venn og støttespiller som alltid er med meg. Det er som om den har tatt bolig i meg, paraplyen som jeg alltid har på innsiden av genseren.

Hvis jeg sørger over egne valg, eller andres valg, eller annet som ikke er lett å reparere, kan jeg slå opp paraplyen over meg. Den er hvit, og jeg kan løfte blikket og la den lyse på meg med sin godhet og fred.

En solskinnsdag ringte en kamerat på døren og spurte om jeg ville bli med å bade. Jeg for ut - og glemte min beste venn. Den lå igjen på kjøkkenbordet. Jeg sviktet min aller beste venn, og var veldig lei meg når jeg kom tilbake. Den var sikkert såret og skuffet over meg tenkte jeg, men den bebreidet meg ikke. Den sa:

Jeg er glad i deg og jeg er her for deg, uansett.

En gang ble jeg mobbet for min beste venn. En kamerat sa; hva i all verden er det med deg? Hvorfor går du med en paraply under genseren, midt i solen? Men jeg brydde meg ikke. En gang vi var sammen senere kom en voldsom regnbyge over oss. Da fikk jeg og min beste venn være til hjelp for han. Vi sto begge under paraplyen og lot den være god mot oss. Etter det mobbet han meg aldri mer for min beste venn, paraplyen.»

Kanskje har du opplevd krig, død, skilsmisse, foreldre som skiller seg, brutte relasjoner eller andre ting som fører til sorg og som kanskje ikke kan la seg reparere. Har du sagt ja til Jesus, hans tilgivelse og latt den hellige ånd ta bolig i deg? Da kan du løfte blikket, og la Gud lyse på deg og gi deg av sin fred.

# TRADISJONSRIK BYGDADAG PÅ FISTER

TEKST OG FOTO: JOHANNE MYKLBUST HETLAND OG INGJERD SIGMUNDSTAD NICOLAYSEN  
FOTO FRA KAMERUN: RANDI THOMSEN





## Ngaundéré

I 2005 blei Fister sokneråd oppfordra til å gå i gong med eit misjonsprosjekt. Me ville gjerne velje eit prosjekt som kunne engasjere heile bygda, og valde Ngaundéré i Kamerun. Der ville me betale for å halde like mange barn på skule, som det til ei kvar tid er i Fister sokn. Seinare blei det endra til stipend for ungdom som ville gå på College Protestante, og til døveskulen i Ngaundéré. For ein del år sidan var Tore Sandvik og Randi Thomsen på besøk i Ngaundéré for å sjå korleis prosjektet fungerte.

## Bygdadagen

For å samle inn pengar, ville me arrangere ein Bygdadag. Det er ein måte å engasjere mange på, og det er ein møteplass for bygdafolk og hyttefolk.

I løpet av desse 19 åra har me hatt basar med spenstige gevinstar: segtur, middag, sopptur, kunst, masse lokale produkt osb. Mange bedrifter har vore veldig positive til å bidra med gevinstar. Eddi Eidsvåg har auksjonert ut brød, og Roger Sjursen har trylla.

1. Randi Thomsen og Tore Sandvik saman med skulelever.
2. Lykkehjulgeneralen gjennom mange år, Ingjerd S Nicolaysen.
3. Lisa Mosnes Mæland hjelper til med ansiktsmaling.
4. I 2023 var konfirmantane med som medhjelperar på Byadadagen. Her snurrar Jonas Helgøy og Aksel Hauge Dahl lykkehjulet.
5. Komla på kok.



1. Mari Asprusten og Sigrid Sigmundstad (NMS-foreininga) set opp blomar til kafeborda.
2. Klasserom i Kamerun.
3. I fotballdraktar frå Fister.
4. NMS-foreininga står for basaren.



Mange frivillige har gjort ein stor innsats i mange år, med å rigge gymsalen om til kafe, arrangere basar, lykkehjul, pynting, drive PR og planlegging, middagslagning, og ikkje minst skaffe gevinstar til basaren. Her har Magnhild Bjørkeland gjort ein kjempejobb. Arrangørane av dagen er soknerådet, bygdekvinnelaget og NMS si misjonsforeining på Fister. Frå 2023 har konfirmantane også vore med, det var veldig kjekt. Til og med under pandemien fekk vi til å arrangere Bygdadagen. Bygdekvinnelaget har servert heimelaga komlemiddag og masse god kaffimat. Kafeen er nok med på å gjøre Bygdadagen så populær som den er blitt. Det kjem minst 100 personar kvart år.

Vi forplikta oss til å samle inn ca. 30 000 kr i året. Heile nettoen er sendt til prosjektet, og det har ofte vore over 30 000 kr. Frå 2005, til og med 2023, er det samla inn 605 850 kr. Den 20. bygdadagen vert arrangert 21.setember 2024. Velkommen til Fister!!

# MIN SALME

V/SERINA ORSTAD WALDELAND



Jeg har valgt salmen O Store Gud,  
når jeg i undring aner.

Salme er for meg lovsanger som er  
guffa litt opp, gjerne ved UL, Impuls,  
IMI, Filadelfia.

Denne salmen løfter frem  
skaperverket, gir meg en trygghet om at  
Gud alltid er nær meg, samtidig som den har  
et evighetsperspektiv.

Det er fint å tenke på at denne salmen er oversatt til  
mange språk, og synges over hele verden.

## O Store Gud, når jeg i undring aner

O store Gud, når jeg i undring aner  
hva du har skapt i verden ved ditt ord,  
ser universet med de mange baner  
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord.

### Refr:

Da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud!  
Da bryter lovsang i fra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud!

Når jeg i Skriften ser de mange under  
som Gud har gjort fra første Adams tid,  
og ser hvor trofast Herren alle stunder  
har ført sitt folk igjennom livets strid;

Når jeg så vet at Kristus lot seg føde,  
ja, at han gikk omkring og gjorde vel,  
inntil han sonet verdens synd og døde  
og oppsto for å frelse hver en sjel;

Når så til slutt hvert tidens slør må falle,  
og troens mål er nådd, så jeg får se,  
vil evighetens klokker sjelen kalle  
for tronen mellom skaren hvit som sne.

# JUBILEUM STRAND KYRKJE 150 ÅR

*4. nov 1874 blei Strand kyrkje vigsla  
av fungerande biskop A. Sagen.*

*Til hausten blir kyrkja sitt 150-årsjubileum  
markert med følgjande program:*

**Onsdag 13.nov. kl. 19.00 i Strand krk.:**  
Jubileumsforedrag om Strand/Tau og Strand kyrkje si  
historie v/ Stein Tau Strand Auestad.

**Laurdag 16.nov kl 19.00 i Strand krk:**  
Jubileumsmesse komponert av Anders Berglund.  
Prosjekt-kor, solistar og band. Nattverd. Liturg:  
Martin Ivar Arnesen. Gratis adgang.



**Søndag 17.nov kl .11.00 i Strand krk:**  
Jubileumsgudsteneste.  
Biskop Anne Lise Ådnøy og sokneprest  
Martin Ivar Arnesen.

**Søndag 17.nov etter gudstenesta:**  
Jubileumsmiddag for alle i Tau kyrkje.

# HELSE OG DET GODE LIVET



TEKST: JOHN NIKOLAUS NESSA

Kva betyr mest for å få eit godt liv? Er det god jobb, er det økonomi, er det å ha suksess og prestere betre enn andre, er det å ha ein partner og familie? Ein klok mann eg møtte nyleg, var klar i sin tale. Det kunne ikkje vere tvil, det viktigaste i livet var god helse. Det er lett å vere einig med han i det. Men straks ein spør kva ein meiner med god helse, trur eg mange har problem med å finne svaret. Omgrepene helse og gammalt, vi har snakka om helse og sunnhet i over 100 år, og vi fekk eit helse- og omsorgsdepartement i Norge i 1913. Likevel er omgrepene helse vanskeleg å gripe, og endå vanskelegare å begripe. Då den store verda etter 2. verdskriga oppdaga helsa, laga dei ein verdas helseorganisasjon i regi av FN i 1948. Kloke hovud måtte då definere omgrepene helse. God helse er i følge WHO ein tilstand av "fullkommen fysisk, psykisk og sosialt velvere, og ikkje berre fråver av sjukdom eller svakhet." Definisjonen har mykje

godt ved seg, men er likevel heilt ubruukeleg. For denne definisjonen gjer oss alle helselause. For ved å gjere definisjonen avhengig av "fråver av sjukdom og svakhet" blir vi alle diskvalifisert frå god helse. Sjukdom, svakhet og død tilhøyrer livets grunnvilkår, som ingen slepp unna. Sjukdom og død påverkar sjølv sagt helsa vår. Og det er klare grenser for i kor stor grad ein kan forhindre sjukdom. Det må likevel kunna gå an å ha god helse sjølv om sjukdom og død er ein del av livet. Og det vitnar livet sjølv om. Eg har møtt mange i livet som er alvorleg sjuke og snart døande, som har akseptert livets vilkår, funne fred, og hatt evnen til å glede seg over det livet dei framleis har. Etter mi oppfatning er det slik det er å ha god helse.

For god helse handlar ikkje primært om kropp, men om identitet. Det handlar ikkje om å vere frisk, men å vere fri. Det er ein indre tilstand, og handlar om ein



Illustrasjonsfoto.

# BETALING AV ÅRETS BLAD

## PREIKESTOLEN 85 ÅR



Prekestolen er i 2024 ute med årgang 85. Det blir distribuert til alle husstandar i Strand og Hjelmeland kommunar, samt husstandane på Forsand.

Det er frivillig abonnement på bladet, og vi er avhengige av og takksame for dei som betalar -og for dei bedriftene som har annonsar i bladet.

**Dessverre er det så vidt det går rundt økonomisk, men redaksjonen har eit sterkt ønskje om at bladet fortsett kan bli utgitt.**

**Så dersom du set pris på bladet, er me glade om du betalar abonnement – kr 300 pr. år, eller kr 80 pr. blad.**

**KAN HENDE NOKON VIL GI EI JUBILEUMSGÅVE?**

Takk for støtte!



**Vipps  
TIL 105004**

eller **KONTONR: 3205 30 06158**

Pris: Kr 80,- kr pr blad, eller kr. 300,- for året.

Tusen takk for støtte!

indre fridom, fred og glede, uavhengig av dei ytre påkjenningane livet medfører. "Jag vil tacka livet" heiter det i ein svensk sang. God helse handlar om å vere ven med seg sjølv, fortruleg med seg sjølv, akseptere sin kropp - og sitt kjønn - som den er, og å vere open for den verda og dei menneska som omgir ein.

Og både språkleg og innhaldsmessig er det nært slektskap mellom omgrepene helse og to omgrep knytta til det vi trur på: frelse og hellig. Frelse kjem av gammelnorsk, frjals/ fri hals: trælar i vikingetida blir sett fri. Og hellig frå norrønt heilagr, betyr heil/fullstendig, cfr. engelsk holy og whole, på norsk lykke, eller det som gir lykke.

God helse er ingen garanti mot sjukdom. Likevel er det noko hellig ved det å ha god helse.

*Strand kyrkje*  
150 år

VIL DU VÆRE MED Å SYNGE I  
*Prosjektkoret til Jubileumsmessen?*

Anders Berglund, komponerer en jubileumsmesse for kor, solister, band, instrumentalister og orgel.

Øvelser fra september - november.  
Påmelding innen 22. august til  
anders.berglund@strand.kommune.no.

**FISTER KYRKJE:**

1.sept.: **Konfirmantjubileum** på Epleriet etter gudstenesta, for dei som er konfirmert i 1963/64 og 1973/74.

15.oktober og 12.november:  
**Supertydsdag**, middag for heile familien på Fister bedehus.

7.okt., 4.nov. og 2.des.kl 19:00:  
**Bygdatreff** på Fister bedehus

TEMAKVELD I TAU KIRKE  
MANDAG 26. AUGUST KL 19.00

## Ernst Baasland

HVORFOR ER GLEDE  
ET HOVEDTEMA I BIBELEN?  
Ernst Baasland er tidligere biskop i Stavanger

Mat, dros, kveldstankar.

Inngang kr. 100,-  
Arr.: Aktivklubben i Tau Kirke

**HJELMELAND KYRKJE:**

**Andakt** på omsorgssentra kvar tysdag kl. 11:00:

- Oddetallsveker på Hjelmeland
- Partallsveker i Årdal

**Babysong**

kvar onsdag kl. 11:00 ut April

**«Berre Bibel»** kvar onsdag kl. 18:30.  
Pause etter skulen sin ferie.

KONSERT I TAU KIRKE  
FREDAG 28. SEPTEMBER KL 19.00

divisi

Kor og orkester med bl.a. den verdenskjente pianisten Tord Gustavsen, saksofonisten Frøydis Grorud kjent fra Beat for Beat og Magne Tormodsæter, en av Norges beste på kontrabass

Arr.: Kulturnutvalget i Tau Kirke Bilettar på Ticketmaster og i døra

TEMAKVELD I TAU KIRKE  
TORSDAY 30. SEPTEMBER KL 19.00

## Oddny Kjølvik

«DERFOR MÅ DU GÅ!

Oddny snakkar om kor viktig det er å vere i bevegelse.

Inngang kr. 100,-  
Arr.: Aktivklubben i Tau Kirke

Mat, dros, kveldstankar.

**ÅRDAL KYRKJE:**  
**Åpen kyrkje** kvar mandag kl. 11:00 – 12:00. Pause etter skulen sin ferie.**ÅRDAL KYRKJE:**

**Åpen kyrkje** kvar mandag kl. 11:00 – 12:00. Pause etter skulen sin ferie.

**LAURDAG 21. SEPTEMBER**

**KL. 13:00-15:00**

**VELKOMMEN TIL  
BYGDADAG PÅ  
FISTER SKULE**





### Kor-konsert i Hjelmeland kyrkje

Laurdag 28. september kl. 18

v/Jærklang frå Bryne og Hjelmeland kyrkjekor

**STORSAMLING  
FOR ALLE  
HUSGRUPPER  
MED THOR HAAVIK**

**ONSDAY 21. AUG.  
KL. 19- 21  
I JØRPELAND KIRKE**



## KOR PÅ RANDEN

**LØRDAG 14.SEPTEMBER KL. 17:00 I JØRPELAND KIRKE  
BILLETTER SELGES VED DØREN TIL KR 100,- ELLER PÅ TIKKIO**

### ÅRDAL GAMLE KYRKJE:

Er open kvar dag frå 01. juni til 15.september, kl. 10 – 18

### JØRPELAND KIRKE:

#### Torsdag 19.09. kl. 19. Temakveld: TILLIT

Leif Tore Lindø, journalist i Stavanger Aftenblad og Svein Arne Lindø tidl. omsorgsjef og kirkerådsleder.

Hva, hvem kan vi stole på i en urolig verden  
Hvor går vi, hva søker vi når alt er usikkert?  
Hvordan beskytter vi oss i forhold til falsk informasjon, Kl?

Arr. Kulturutvalget Jørpeland krk.



## BLI MED PÅ WEEKEND TIL VAULALI 20.-22. SEPTEMBER

Det blir mange kjekke aktivitetar,  
massa leik og moro,  
bibelundervisning, stille rom,  
fellesskap,  
fantastiske turområder, god mat og  
god prat!

Påmelding og meir info kjem i  
august.

Velkommen!

Arr: Forsand sokn

[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no) - [forsand.sandnes@kirken.no](mailto:forsand.sandnes@kirken.no)

### ÅRDAL GAMLE KYRKJE MÅNDAG 29.JULI KL 19.30

*- frå vogge til grav-*

#### SONG-GUDSTENESTE PÅ OLSOK

I stadenfor det tradisjonelle konseptet med konsert og gudsteneste på olsokkvelden, vil vi i år sy saman det heile til ei songgudsteneste. Gudstenesta har fått tittelen «Frå vogge til grav», og songane vil for det meste vere henta frå opplegget for babysong i Hjelmeland kyrkje. Her finn vi både barnesongar, salmar og viser, - songar som står seg gjennom eit heilt livsløp og endå lenger.

Under gudstenesta deltek prost Sigrid Sigmundstad, kantor Anne-Berit Rinde Bjelland og diakoniarbeidar Torill Marie Seljeskog.

Vel møtt!

# KICK

Dette er eit nytt tilbod til dei som går på 5, 6 og 7 trinn i Tau kyrkje.

1.



2.



3.



4.



KICK startar med ei fellessamling med musikk, song og andakt. Så opnar kiosken og servering av mat før aktivitetane startar. Det er mange ulike aktivitetar, spel og konkuransar å velje mellom.

Det har vore to samlingar denne våren. Planen er at dette skal vere ein kjekk møteplass for denne aldersgruppa annankvar fredag i partalsveker frå hausten av. For å gjennomføra dette treng me fleire vaksne som kan bruka eit par timer eit par fredagskveldar i halvåret på desse unge. Ta gjerne kontakt med ein av dei som arbeider i kyrkja viss du kan vere med.

1. Fellessamling i kyrkjesalen.
2. Slush er populært.
3. Det blir ofte kø når kiosken opnar.
4. Mange ulike aktivitetar på torget.
5. Flott å ha med nokon ungdommar som hjelpt til.

# SLEKTERS GANG



## DØYSTE

### FISTER

07.04. Elva Sandvik

### FORSAND

31.03. Matvii Babiuks  
31.03. Arjia Hagen Racko  
29.04. Charlotte Ulrike Krüger  
30.04. Hanna Thu Kristensen  
22.05. Mikael Elisja Thu  
12.05. Viktor Mortensen Østerhus (døypt  
Jørpeland krk)

### HJELMELAND

18.02. Tobias Lura Jansen  
18.02. Ruth Pedersen Meland  
17.03. Olve Mæhle  
28.04. Emine Rossemyr Kvame  
28.04. Deborah Tete

### JØRPALAND

17.03. Luna Fosså Vervik  
Liam Alsvik Finnesand  
24.03. Niam Gutubakken Brekke  
Elias Kvam Nerhus  
31.03. Solveig Lea  
21.04. Erle Bjørheim  
Oline Damgaard Helland  
Henrik Næss Jones  
28.04. Pernille Teigen Thorstensen (døypt  
St. Johannes)  
12.05. Viktor Mortensen Østerhus  
Sonja Tvedt  
19.05. Alma Steensen Bjørheim  
Mari Steensen Bjørheim  
Gustav Slåtto Helgeland (døypt  
Flekkefjord)

### STRAND

10.03. Embla Bjørheim Foldøy  
Andreas Eide Apeland  
07.04. Bjørn Eirik Batcho Stavenes  
14.04. Viktor Sørskår Langvik  
21.04. Filip Hansen Tytlandsvik  
Luka Falkeid Kåsen  
Frøya Seldal  
Edda Apall Erevik  
12.05. Silas Østerhus Huseby  
Ellie Mæhle  
Ulrik Hidlefjord (døypt Sør-Hidle)  
19.05. Warg Bøe Johannessen  
Elsa Ilona Kaivantola Ydstebø  
26.05. Linus Voster Kåsen

### ÅRDAL

10.03. Lasse Jørmeland

## VIGDE

### FORSAND

18.05. Ingvild Rygh og Kristian Pettersen  
25.05. Marie Brendehaug Randby og  
Eirik Vika Storm

### HJELMELAND

04.04. Rita Sørensen og Ola Mjølhus

### STRAND

25.05. Ingvild Bjørheim og Jan Gaute Krogevoll

## DØDE

### FISTER

31.12.23 Liv Martha Nessa  
22.02. Olga Karin Bjørkeland  
08.03. Olav Jansen  
27.03. Madelene Sandvik  
01.05. Ottar Børge Mæle

### HJELMELAND

08.02. Johannes Laugaland  
29.02. Arthur Øye  
24.03. Turid Sandanger  
02.04. Aslaug Skjold  
06.04. Reidar Slåtten  
07.04. Torger Helgeland  
02.05. Olav Gudmund Hjorteland  
01.05. Magne Ellertsen  
20.05. Isolde Hedvig Papok Børve

### JØRPALAND

20.02. Svein Marthinsen  
22.02. Astrid Norunn Førland  
01.03. Roald Geir Fjelde  
07.03. Harald Gjerde  
10.03. Odd Harald Barka  
13.03. Trygve Bowitz  
14.03. Karl Olav Låder  
20.03. Judit Marie Jårvik  
21.03. Astrid Kari Aanestad  
22.03. Inge Marthon Bygevoll  
26.03. Arne Fundingsland  
04.04. Arne Mosnes  
14.04. Ingeborg Sandvik  
21.04. Hans Kristian Brynie (gr.l. Lagård)  
18.05. Marit Peggy Simonsen Eie

### STRAND

22.02. Pål Barkve  
12.03. Bente Synnøve Jahren Aarhaug  
19.03. Georg Melberg  
25.03. Osvald Korsvik  
28.03. Olav Tjøstheim  
08.04. Einar Holta  
10.04. Odd Melby  
11.04. Anny Bertine Solberg  
05.05. Astrid Olaug Moe  
08.05. Kåre Sigve Abrahamsen  
10.05. Anne-Brit Svåsand (gr. Tjesnvoll)  
12.05. Eldbjørg Katrine Petersen

### ÅRDAL

25.02. Gerd Synnøve Farmen  
29.03. Einar Torbjørn Jordal  
07.05. Helene Tjelmeland  
16.05. Kirsten Marie Gundersen

# STØTT VÅRE ANNONSØRER. DE STØTTER OSS!

ØNSKER DU Å ANNONSERE I BLADET? KONTAKT KYRKJA@STRAND.KOMMUNE.NO  
PRIS PR ÅR: Lita annonse kr 1900 - Stor annonse kr 3300.

 **AutoMester®** 

**JØRPELAND SERVICESENTER AS**  
Ryfylkevegen 953, Jørpeland • Tlf. 51 74 14 45  
[www.jorpelandservice.no](http://www.jorpelandservice.no)

  
**POWER**  
Jørpeland Elektrosenter  
SKALLSTØPERIET



**ecit**  
ECIT Business Partner AS  
• Regnskap  
• Firmaregistrering  
• Årsoppgjør  
• Datatilkobling  
• Scanning av bilag

Jørpeland: 51 74 14 00 | Årdal: 51 75 42 50

  
**MØBELRINGEN®**  
Jørpeland

  
**REMA 1000**  
Jørpeland - Åpningstider: 7-23

  
**FARGERIKE**  
HJERTENES JERNVARE  
Vågen, 4100 Jørpeland • Tlf. 51 74 72 04

**Strandbuen**

  
**joker** Me har varekjøring  
kvar dag!  
[post@lysefjorden.no](mailto:post@lysefjorden.no)  
Ring: 95259325 hvis spørsmål!

**SpareBank**  
SR-BANK 

Tlf. 51 74 48 80  
[post@rygrokonomi.no](mailto:post@rygrokonomi.no)  
Autorisert regnskapskontor  
Kontor Finnøy, Forsand,  
Hjelmeland, Sjernarøy,  
Stavanger og Tau

  
**PG Installasjon as**  
• Alt innen elektroinstallasjon • Automasjon  
• Tele og data • Kuldemontør til alle typer  
kjøler, varmepumper osv.

**EL-PROFFEN**

  
**STOPPER RUST**  
FLUIDFILM.NO  
Næringsveien 6, 4323 Sandnes

## RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

### STRAND OG RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

Vår erfaring – din trygghet. Audun Ingvaldstad og Johan Braseth.  
Gravstein-utstilling i våre kontorlokaler på Tau  
Ryfylkeveien 1986, Tau – tlf. 51 74 87 00 – [www.hviding.no](http://www.hviding.no)

 STEIN MEK.  
VERKSTED AS  
Tlf. 40 01 73 18  
[smv@stein-mek.no](mailto:smv@stein-mek.no)

**Hialam**  
Lars Nessa - Tlf: 91159718

 HELGØY SKYSSBÅT

**Norøk**  
REGNSKAP / RÅDGIVNING / ÅRSOPPGJØR  
[post@norok.no](http://post@norok.no)  
[www.norok.no](http://www.norok.no)

 RYFYLKE Bilverksted

**revisjon  
ryfylke**  
[revisjonryfylke.no](http://revisjonryfylke.no)

Jørpeland Bilverksted as  
4100 Jørpeland  
Tlf 51 74 08 80  
Bilverksted - bildeler - rekvisita  
- periodisk kjørekontroll

Gaver til alle anledninger  
  
**Jens Bjelland A.s**  
**Tlf. 51 74 73 58**

**Barkved**  
TREVAREFABRIKK  
Tlf. 975 18 627  
[barkvedtrevare@gmail.com](mailto:barkvedtrevare@gmail.com)



**Fiskå Mølle**

  
**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå  


 **51 97 29 00**  
DØGNVAKT

[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

  
**RYFYLKE  
TRELAST**

**Motehuset**  
BYBERG

**FORSAND**  
SANDKOMPANI

**FORSAND**  
BYGG SERVICE AS

Byggfirma med lange og gode  
tradisjoner, dyktige fagfolk og fokus  
på høy kvalitet og kundetilfredshet. Du  
som kunde står alltid i fokus, og for oss  
er alle jobber av interesse (store og  
små). Vår visjon er "ingen jobb ferdig  
før kunde er fornøyd"

[www.forsand-byggservice.no](http://www.forsand-byggservice.no) Bergekrossen 7A, Forsand. Tlf 51 70 31 12

**Trodla-Tysdal  
Turiststasjon**  
Kjell Tysdal tlf. 959 90 867  
[post@trodla-tysdal.no](mailto:post@trodla-tysdal.no)  
[www.trodla-tysdal.no](http://www.trodla-tysdal.no)

  
**LØA I  
TØNNE  
-VIK**  
[www.tonnevik.no](http://www.tonnevik.no)

  
**Norconsult**  
Norconsult AS  
Ryfylkevegen 1972D,  
NO-4120 TAU  
Tel: +47 51 74 90 11  
[www.norconsult.no](http://www.norconsult.no)

# KYRKJEKONTOR

## HJELMELAND - FISTER - ÅRDAL

Kyrkjeverje:	Mette Ingvaldstad - Tlf. 907 35 564
Kontor:	Prestegården 5, Hjelmeland
Kontortid:	Måndag-fredag 9.00 – 14.00
Telefon:	404 39 240
E-post:	post@hjelmeland.kyrkja.no
Nettside:	www.hjelmeland.kyrkja.no
Sokneprest:	Sigrunn Hagen Arnesen - Tlf. 977 52 534
Kantor:	Anne-Berit Rinde Bjelland
Trusopplærar:	Tonje Flatø Nessa
Diakonimedarbeidar:	Torill Marie Seljeskog
Administrasjonssekretær:	Cathrine Sandhåland
Kyrkjetenar Hjelmeland:	Torill Marie Seljeskog
Kyrkjetenar Fister:	Åsmund Thomsen
Kyrkjetenar Årdal:	John Leikvar Nessa
Kyrkjetenar Jøsenfjorden:	Bente Tednes Gjil
Soknerådsleiar Hjelmeland:	Magnhild Meltveit Kleppa
Soknerådsleiar Fister:	Ingjerd Sigmundstad Nicolaysen
Soknerådsleiar Årdal:	Olav Frantzen
Fellesrådsleiar:	Leif Ole Terøy

## FORSAND

Dagleg leiar:	Siv Fossan
Kontortid:	Må, ty, to 09.00–13.00
Telefon:	413 11 055
E-post:	forsand.sandnes@kirken.no
Nettside:	www.forsand.kyrkja.no

### Forsand kyrkjelyd

Sokneprest:	Ole Wollert Meyer - Tlf. 415 61 737
Kyrkjelydsarbeider:	Irene Idland Thu
Organist:	Hege Tungland Langbakk
Kyrkjetenar:	Jennifer William Shrisunder
Ungdomsarbeider:	Hilde Dirdal
Soknerådsleiar:	Siri Giskegjerde
Kyrkeskyss:	Per Hagen - Tlf. 995 13 384

## STRAND - JØRPETLAND

Kyrkjeverje:	Øystein Marton Lode
Kontortid:	Måndag-fredag 09.30–14.00
Telefon:	51 74 11 30
E-post:	kirkja@strand.kommune.no
Nettside:	www.strand.kyrkja.no
Fellesrådsleiar:	Jostein Woie

### Strand kyrkjelyd

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen - Tlf. 980 37 571
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Organist:	Anders Berglund
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Diakonimedarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll
	Dmytro Sivertsen
Soknerådsleiar:	Anne van Beuzekom
	Eli Nesvåg

### Jørpetland kyrkjelyd

Funerande dagleg leiar:	Edel Kvindesland
Organist:	Mia Christina Raustein
Kateket:	Edel Kvindesland
Menighetspedagog:	Wenche Krogevoll
Kyrkjetenarar:	Jan Langeland
	Dmytro Sivertsen
Soknerådsleiar:	Jone Bergsager
	Brit Valheim

## NYTT OM TILSETTE JØRPETLAND SOKN



1. mai gjekk dagleg leiar i Jørpetland, Gro Nag, av med pensjon.



30. juni har organist Ragnvald Sørensen siste teneste som organist i Jørpetland og Strand sokn. Han har fått jobb som organist i Vågå.

*Strand kyrkjeleg Fellesråd takkar dei begge for tenesta og ønskjer lukke til vidare.*

## PROST

### Ryfylke

Sigrid Sigmundstad - Tlf. 908 71 457  
sigrid@hjelmeland.kyrkja.no

### Sandnes

Tom Krager - Tlf. 912 44 212  
tk566@kirken.no

## PREIKETEKSTAR

Søn 23. juni – 5. søn i treeiningstida: Matt 7,21-29  
Søn 30. juni – 6. søn i treeiningstida: Matt 16,13-20  
Søn 7. juli – 7. søn i treeiningstida: Luk 19,1-10  
Søn 14. juli – 8. søn i treeiningstida: Mark 12,37b-44  
Søn 21. juli – 9. søn i treeiningstida: Joh 8,2-11  
Søn 28. juli – 10. søn i treeiningstida: Matt 18,21-35  
Man 29. juli – Olsok/Olavsdagen: Luk 9,23-26  
Søn 4. aug – 11. søn i treeiningstida: Mark 2,23-28  
Søn 11. aug – 12. søn i treeiningstida: Luk 8,1-3  
Søn 18. aug – 13. søn i treeiningstida: Luk 12,41-48  
Søn 25. aug – Vingardssøndag: Luk 17,7-10  
Søn 1. sep – 15. søn i treeiningstida: Luk 10,38-42  
Søn 8. sep – 16. søn i treeiningstida: Matt 5,10-112  
Søn 15. sep – 17. søn i treeiningstida: Luk 7,11-17  
Søn 22. sep – 18. søn i treeiningstida: Matt 8,5-13  
Søn 29. sep – 19. søn i treeiningstida: Joh 7,14-17  
Søn 6. okt – 20. søn i treeiningstida: Mark 10,2-9  
Søn 13. okt – 21. søn i treeiningstida: Luk 16,19-31

# GUDSTENESTER

HJELMELAND KYRKJE



**Søndag 07. juli kl. 20**

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Nattverd. Takkoffer til Kirkens bymisjon

**Søndag 04. august kl. 11**

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad  
Nattverd. Takkoffer til Prekestolen

**Søndag 08. september kl. 11**

Jazzgudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Konfirmantpresentasjon. Takkoffer

**Søndag 29. september kl. 11**

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Haustakkefest, 4-årsbok  
Takkoffer

FISTER KYRKJE



**Søndag 30. juni kl. 11**

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Nattverd  
Takkoffer til KIA

**Søndag 21. juli kl. 11**

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Nattverd  
Takkoffer til Furutangen

**Søndag 11. august kl. 11**

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad  
Nattverd  
Takkoffer til NKKS Laget

**Søndag 01. september kl 11.00**

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Barn og unge, bedehuset  
Fister

**Søndag 22. september kl. 11**

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Konfirmantpresentasjon. Haustakkefest.  
4-årsbok  
Takkoffer til IKO

ÅRDAL KYRKJE



**Søndag 23. juni kl. 11**

Friluftsgudsteneste i «Kyrkjhagen»  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Evangeliesenteret

**Mandag 29. juli kl. 19.30**

Olsokgudsteneste. Sigrid Sigmundstad  
Takkoffer til Kyrkjemusikalsk utval

**Vingardssøndag 25. august kl. 11**

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Konfirmantpresentasjon,  
konfirmantjubileum  
Nattverd. Takkoffer til NKKS Laget

**Søndag 15. september kl. 11**


Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Haustakkefest, 4-års bok og Bibel til 10  
åringane  
Takkoffer til Søndagsskolen Norge

FURUTANGEN

**Søndag 14. juli kl. 11**

Familiegudsteneste, Båt & Bibel

JØSENFJORDEN  
BEDEHUSKAPELL



**Søndag 15. september kl. 16.30**


Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen  
Konfirmantpresentasjon. Haustakkefest.  
4-årsbok  
Takkoffer

**Med etterhald om endringar!**  
**Sjå også våre heimesider:**

[www.hjelmeland.kyrkja.no](http://www.hjelmeland.kyrkja.no)  
[www.tau-kyrkje.no](http://www.tau-kyrkje.no)  
[www.jørpeland-menighet.no](http://www.jørpeland-menighet.no)  
[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no)

# GUDSTENESTER

FORSAND KYRKJE



**Søndag 23. juni kl. 11:**  
Gudsteneste. Ole Wollert Meyer. Dåp.  
Nattverd.  
Takkoffer: UiO

**Søndag 14. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Ole Wollert Meyer.  
Nattverd.  
Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

**Søndag 4. august kl. 11:**  
Gudsteneste. Mikael S Zülow. Nattverd.  
Dåp.  
Takkoffer: NLM

**Søndag 1. september kl. 11:**  
Samlingsfest! Familiegudsteneste i kyrkja v/ Ole Wollert Meyer.  
Utdeling 4 årsbok Takkoffer:  
Ungdomsarbeidet  
Etter gudstenesta er det på bedehuset:  
Sal av mat. Leiker. Samling m/andakt

**Søndag 8. september kl. 19:**  
Kveldsgudsteneste. Ole Wollert Meyer.  
Nattverd  
Takkoffer: Den norske Israelsmisjon

**Søndag 22. september kl. 11:**  
Familiegudsteneste på Vaulali. Ole Wollert Meyer  
menighetsweekend Takkoffer:  
Kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 29. september kl. 11:**  
Gudsteneste. Ole Wollert Meyer.  
Nattverd  
Awanagrupper. Takkoffer:  
Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør- Aust Asia

Bøn for gudstenesta kl. 10.30-10.45  
i grupperom 2. etg.

TAU KYRKJE



**Søndag 30. juni kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.

**Søndag 21. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Nattverd.

**Søndag 25. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 1. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Nattverd. Konfirmantpresentasjon.  
Søndagsskole.

**Søndag 8. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Konfirmantpresentasjon. Søndagsskole.


**Søndag 15. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Søndagsskole. Nattverd.

**Søndag 22. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 29. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Gullkonfirmant-treff. Søndagsskole.

**Søndag 6. okt. kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskole.

VAULALI



**Søndag 18. august kl. 11**  
Familiegudsteneste. Michael S. Zülow  
Nattverd

JØRPELAND KYRKJE



**Søndag 23. juni kl. 11:**  
Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen.  
Nattverd.

**Søndag 7. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Ole W. Meyer. Nattverd

**Søndag 28. juli kl. 11:**  
Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad.  
Nattverd

**Søndag 11. aug. kl. 11:**  
Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.

**Søndag 25. aug. kl. 11:**  
Oppstartsgudsteneste. Mikael S. Zülow. Nattverd. Barnekirke Awana.

**Søndag 1. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Mikael S. Zülow.  
Konfirmantpresentasjon. Dåp.  
Barnekirke Awana.

**Søndag 8. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Ingvar Dragsund.  
Nattverd. Barnekirke Awana.

**Søndag 15. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Mikael S. Zülow.  
Dåp. Konfirmantpresentasjon.  
Gullkonfirmant-treff. Barnekirke Awana.

**Søndag 22. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.  
Nattverd. Barnekirke Awana.

**Søndag 29. sep. kl. 11:**  
Gudsteneste. Dåp. Barnekirke Awana.

**Søndag 13. okt. kl. 11:**  
Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad. Dåp  
Barnekirke: Hobby-aktivitet for barn

**Med etterhald om endringer!**

**Sjå også våre heimesider:**

[www.hjelmeland.kyrkja.no](http://www.hjelmeland.kyrkja.no)  
[www.tau-kyrkje.no](http://www.tau-kyrkje.no)  
[www.jørpeland-menighet.no](http://www.jørpeland-menighet.no)  
[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no)